

Gir stordrift ein betre skule?

Av Tom Hetland

Dette innlegget stod i Jærbladet 12.10.21.

LESARBREV. Dette er eit debattinnlegg, skriva av ein ekstern bidragsytar. Innlegget gir uttrykk for skribenten sine haldningar.

Anders G. Madsen, far til tre elevar på Rosseland skule, stiller i Jærbladet spørsmål om det er rett å bruka 48 millionar kroner til opprusting av Hognestad skule. Han meiner det samla sett vil gi betre trivsel og fagleg kvalitet å nytta pengane på andre skular i kommunen.

Nå er det ikkje dokumentert at Hognestad skule kjem til kort på nokon av desse områda. Tvert om er det mitt inntrykk - rett nok på avstand - at skulen hevdar seg godt både når det gjeld trivsel og elevprestasjonar. Kanskje burde det vore ei journalistisk oppgåve for Jærbladet å skaffa fram meir fakta, slik at debatten om skulestruktur i Time ikkje vert for mykje prega av syensing.

Men om me held oss på det meir overordna og teoretiske planet, så byggjer Madsen sitt innlegg på nokre premiss som det er vel verd å sjå kritisk på. For det første meiner han at større skular lettare kan gi eit tilbod til elevar som ikkje finn seg til rette i skulemiljøet. Dei kan byta klasse, finna saman med likesinna, eller nyttiggjera seg av spesiallærarar og spesialrom.

I nokre tilfelle kan nok dette vera rett. På den andre sida har også små skular fordelar som dei store ikkje har. Med færre elevar er det lettare å sjå kvar enkelt og å gi dei oppgåver som gjer at dei kjenner seg betydningsfulle. Dessutan har barn og unge godt av å læra seg å omgåast menneske som ikkje liknar dei sjølv, og det er dei oftast nøyddet til i små miljø. Det er eit aukande samfunnsproblem at me deler oss i grupper og dyrkar eigne identitetar og verdiar, forsterka av «ekkokammer» i sosiale medium. Resultatet blir eit meir polarisert samfunn der me i mindre grad prøver å forstå «den andre». Å måtta forhalda seg til menneske med ulike interesser, evner, meiningar og personlegdom trur eg er ei viktig evne som må oppøvast frå tidleg alder.

Madsen har også tru på at store skular gir betre vilkår for fagleg utvikling for lærarane. Det verkar i utgangspunktet som ein rimeleg teori. Men Norge har i dag den mest sentraliserte og fagleg spesialiserte skulen me nokon gong har hatt. Likevel er Pisa-resultata framleis middelmåttige (i den grad det seier noko om skulen), talet på barn og unge som slit med psykiske problem aukar, og rekrutteringa til lærarstudia sviktar.

Nå kan det vera mange grunnar til dette. Men kanskje bør det få oss til å tenkja nytt om det ideologiske grunnlaget for skulepolitikken dei siste tiåra? Er det på tide å oppvurdere allmennlæraren, til i større grad å dyrka ei lærarrolle som ser heile mennesket, i staden for å satsa på stadig smalare fagleg spesialisering? Kanskje treng barn og unge mest av alt nære, faste haldepunkt i skulekvardagen, vaksenkontaktar som ikkje skifter frå dag til dag og time for time? Det er jo slik me har tenkt når me har gjort fastlegen til ein krumtapp i helsevesenet.

Til slutt: For nokre år sidan vart det gjort eit stort forskingsprosjekt for å forklara kvifor Sogn og Fjordane låg heilt i landstoppen når det gjeld skuleprestasjonar, på line med dei akademikartunge fylka Oslo og Akershus. Eit hovudfunn var at Sogn og Fjordane – med sterkt innslag av små skular – i uvanleg grad var prega av samspel mellom skule og lokalsamfunn. Folk i dette fylket følte rett og slett skulen som «sin» i større grad enn andre stader. Det førte til høgare status for skulen, sterkare motivasjon og betre resultat.

Kulturen i Sogn og Fjordane kan ikkje kopierast utan vidare. Men eksempelet derifrå kan i det minste visa oss at viljen i eit lokalsamfunn til å slå ring om ein skule, til å bry seg og til å kjempa for skulen som det viktigaste samlingspunktet i bygda, er ein ressurs med høg verdi. Kanskje meir enn 48 millionar kroner, til og med?